

Bevaringsprogram for Bergkunst (BERG)  
Opprusting av tilrettelegging prosjekt «Tveitane» i Ullensvang herad,  
Askeladden ID 105726

Sluttrapport 2017

Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune søkte i 2017 midlar gjennom Bevaringsprogram for Bergkunst (BERG) til opprusting av tilrettelegginga på skålgropsteinen «Tveitane» i Lofthus, Ullensvang herad, Askeladden ID 105726. Det vart søkt om kr 87.000,- til prosjektet. Hordaland fylkeskommune fekk tilsegn om tilskot på kr 60.000,- til gjennomføring av prosjektet, og gjorde endringar i planane for prosjektet for å kunne gjennomføra det med tildelte midlar. Riksantikvaren vart varsla om endringane, og godkjente desse i e-post av 29.9.2017.

I brev frå Riksantikvaren datert 18.04.2017 med tilsegn om tilskot til prosjektet er det stilt vilkår om at endeleg utforming av tiltaket vert avklart med Riksantikvaren før iverksetjing. Dialog med Riksantikvaren var òg naudsynt ettersom tiltaket ville føra med seg inngrep i sikringssona til eit automatisk freda kulturminne. Riksantikvaren vart varsla om tiltaket i brev frå Hordaland fylkeskommune av 29.8.17. Fylkeskommunen argumenterte då for at tiltaket kunne gjennomførast utan dispensasjon frå kulturminnelova ettersom det ikkje var fare for skade eller utilbørleg skjemming av kulturminnet. Riksantikvaren støtta denne vurderinga og gav tilsegn til prosjektet i brev av 2.10.2017.

Prosjektet er gjennomført i samarbeid med Universitetsmuseet i Bergen.

## Bakgrunn



Foto: HFK

Arbeidet med tilrettelegging av lokaliteten tok til i 1998. Det har ikkje vore nokon formell avtale om vedlikehald eller tilsyn lokalt. Tilrettelegginga var no gamal og slitt, og gav ikkje eit godt bilete av kulturminnet. Rampa var roten og det ville vera eit større arbeid å rusta opp att rampa til god funksjonell stand. Området kring steinen var sterkt tilgrodd, og hindra utsikt til steinen og frå steinen og nedover dalen. Bergflata var tilgrodd med mose og hadde trong til skjøtsel.



Foto: HFK

Heller enn å reparera rampa vart det avgjort å endra tilrettelegginga for å gjera den meir slitesterk og mindre vedlikehaldskrevjande. Ved å skifta ut trematerial med grus og stein vil tilrettelegginga vera svært slitesterk, og skjøtselsarbeid kan fokusera på vegetasjonsskjøtsel og skjøtsel av bergflata.



## Gjennomføring av prosjektet



Foto: HFK

Hordaland fylkeskommune gjorde avtale med ekstern entreprenør om gjennomføring av arbeidet. Etter at rampa og trappene i tre vart fjerna, vart det klart at det låg grov grus under treverket. Denne grusen var for grov til at det var vurdert som gunstig å ha den synleg, mellom anna med tanke på fare for hærverk på steinen gjennom at grussteinen vart nytta til rissing på bergflata. I det flate partiet der rampa låg vart den grove grusen dekket til med duk før det vart lagt på ny grus med mindre dimensjon på steinen. Duken vart lagt heilt inntil steinen, og vil vonleg sikra at det ikkje kjem opp vegetasjon eller ugras her.

Dei to tretrappene vart fjerna, og den nye steintrappa vart laga mellom dei gamle trappene. Her vart torvlaget fjerna for å få steintrappa til å gli godt inn i terrenget.



Foto: HFK





Etablering av ny trapp i grusmassar lagt i skråninga opp mot snuplass/rasteplass. Det vart gjort skjøtsel av bergflata. Foto: HFK



Ferdigstilling av trapp. Foto: HFK





Arealet kring steinen var sterkt tilgrodd med mindre lauvtre og busker. Noko mindre grantre hadde òg etablert seg nær steinen. Det vart gjort omfattande vegetasjonsskjøtsel for å opna for utsikt til steinen frå rasteplass og tursti, og for å opna siktlinjer frå steinen og nedover dalen.

Foto: HFK



Etter ferdig vegetasjonsskjøtsel og skjøtsel av bergflata er steinen no godt synleg frå den merka turstien. Det vil krevja oppfølging å sikra at ikkje gror til att inntil steinen.

Foto: HFK



Skiltet vart sett opp på toppen av fyllmassane der det no er snuplass/rastelass. Skiltet vart plassert ved trappa, og vil no vera tilgjengeleg for alle då det er mogleg å køyra fram til staden.

Ved ferdigstilling av prosjektet vart det lagt jordmassar over grusfelta der tretrappene var, og området kring skiltet vart dekkja med grus.

Foto: Johannes Eidnes





Foto: Johannes Eidnes

### **Oppfølging**

Hordaland fylkeskommune har gjort avtale med Veisane Barnehage i Ullensvang herad om tilsyn med lokaliteten. Denne lokale barnehagen nyttar område aktivt som turområde, og var på besøk då arbeidet vart gjennomført. Barnehagen vil halda oppsyn med kulturminnet, og varsle fylkeskommunen når det er trong til skjøtsel av staden. Når opprustinga av tilrettelegginga no er gjennomført vil Hordland fylkeskommune vitja barnehagen for å fortelja om bergkunsten og dela ut utstyr. Målet er at barnehagen òg tar ansvar for kosting av steinen ved behov. Hordaland fylkeskommune vil arbeida vidare med å få til ein avtale om vedlikehald av skjøtsel lokalt. Grunneigar og Ullensvang herad er informert om tiltaket og er positive.

Arbeidet vart utført over to dagar. Då vernemynda berre var til stades fyrste dagen då arbeidet nær steinen skulle utførast, er det naudsynt å gjennomføra ei kontrollsynfaring. Denne vert gjennomført samstundes som møte med barnehagen.

# ☚ Gropsteinen på Tveitane

**N** Gropsteinen her på Tveitane er ei sær flyttblokk som isen let etter seg etter siste istid. Her er vel 30 gropar som er hogne inn i steinen. Gropene varierer mellom 5 cm og 10 cm tverrmål og er 1-3 cm djup. Dei eldste gropene her i landet finn ein på helleristningsfelt knytt til fangststeinalder og dei kan vera 6000 - 7000 år gamle. Det etterkvart store omfanget av skålgropar blir derimot knytt til seinare periodar med etablert jordbruk i bronsealderen, der utnytting av beiteland i utmark og hegfjellet blir viktig. Bronsealderen tok til omlag 1800 år f.Kr. og varte fram til 500 f.Kr. Truleg heldt dei fram med å laga gropar til slutten av jernalderen (500 f.Kr. - 1030 e.Kr.) og kanskje enda lenger, men dei fleste gropene vart laga i bronsealderen. Det vart laga mange skålgropar, og me veit at dei må ha vore viktige for folk. Frå nyare tid veit me at det vart ofra jern, pengar, smør og anna i gropene for å få bot med vondskap eller for å sikra god øving. Me veit ikkje om det var dette dei vart nytta til i forhistoria, men sidan folk i ulike tider har lagt sitt eige meiningsinnhald i gropene har dei truleg vore viktige for folk fleire tusen år etter at dei vart laga.

## Rock Art

**GB** The cup mark stone at Tveitane is a massive glacial erratic left here by the ice following the last Ice Age. Cup marks are round depressions in the rock surface. In figurative terms, this is the simplest form of Scandinavian rock art. There are more than 30 cup marks on the surface of the rock, ranging in size from 5 to 10 cm across and 1 to 3 cm deep. The oldest cup marks in Norway are about 6000 to 7000 years old, but most of the cup marks in Norway were made during the Bronze Age (1800 BC - 500 BC). In this period farming is established and the grazing areas of the mountains and outer fields become an important resource. It is likely that the tradition of making cup marks lasted until the end of the Iron Age (500 BC - 1030 AD), and perhaps even longer. The number of cup marks found indicates that they were of great importance. From recent history we know that iron, money, and butter were placed in the cup marks in the hope of curing ills or of getting a good harvest. We have no way of knowing if this was the purpose they served in prehistoric times, and it is possible that their significance changed over time.

## SKÅLGROPER


Skålgropar er ei av dei enklaste formene for helleristningar i Skandinaviske bergkunst. Det er òg ein av dei mest vanlege typane. Sjølv om form og storleik kan variere, er skålgropar vanlegvis runde gropar som har ei vidde på omlag 5-12 cm. Dei kan vera svært grunnne, eller flere cm djupe. Nokre stader kan ein finna berre ei enkelt grop, medan andre stader kan det vera over hundre gropar. Dei kan vera spreidd tilfeldig utover steinen, eller dei kan vera samla i grupper, linjer eller anna mønster. Av og til går det grunnne riss mellom gropene som koplar dei saman. Skålgropar kan ein finna over store delar av verda, og i Hardanger finn me dei i Odda, Ullensvang og Ulvik. Det er i fjellsidene kring Sarfjorden her i Ullensvang at dei fleste av gropene i dette området er å finna.

## KOR GAMLE ER SKÅLGROPENE?

Det er vanskeleg å datere bergkunst. Det er svært sjeldan at ein kan ta prøver som kan fortelja kor gamle gropar og linjer i stein er, og datering vort stort sett basert på andre ting i nærleiken. Ofte er skålgropar sagt å vera frå bronsealderen, 1800 - 500 f.Kr., ettersom dette er det mest vanlege motivet i bergkunsten frå denne perioden. Denne dateringa er basert på at ein finn steinar med slike gropar i graver frå bronsealderen, og at ein har dateringar frå område med mykje skålgropar som viser at desse områda har vore rydda og beita i bronsealderen. Likevel kan det henda at tradisjonen med å laga skålgropar byrja tidlegare og heldt fram lenge etter denne perioden. Det er òg funne skålgropar som ein trur er laga i jernalderen (500 f.Kr. - 1030 e.Kr.).



Skålgropene vort ofte knytt til bronse- og jernalderen sin jordbrukskultur / Cup marks are commonly associated with agricultural societies in the Bronze Age and Iron Age.



Fordeinga av skålgropar på steinen / The distribution of the cup marks on the boulder

## KVIFOR LAGA FOLK SKÅLGROPER?

Sjølv om skålgropar er ei av dei enklaste formene for bergkunst, me kjenner, er det samstundes ei av dei mest mystiske. For kva var eigenleg grunnen til at folk laga desse gropene? Ein finn dei ofte i tilknytning til stelar og beiteområde, men dei kan òg finnast andre stader og i fjålglandet.

Truleg har gropene samanheng med religionen og tankeverda knytt til jordbrukskulturen som var den gongen. Det er fleire teoriar om kvifor dei vart laga. Ei vanleg tolking er at dei var offergropar som kunne verte fylt med blod, smør, bær eller anna. Nokre stader kjenner me til at slike praksis har vore vanleg opp mot våre dagar, utan at ein kan vita sikkert når tradisjonen tok til. Likevel er det slåk at ein nokre stader finn skålgropar som er laga på hallande bergflatar, der gropene ikkje kan ha vore laga for å halda på noko flytande.

Andre meiner at gropene kan ha hatt samanheng med folk sin trong til å markera tilknytning til landskapet eller som ei form for eigedomsmarkor. Det er dessutan viktig å hugsa at skålgropar vart laga over ein periode på meir enn 2500 år, og at det meiningsinnhaldet folk la i denne forma for bergkunst kan ha endra seg over tid. Ein kan heller ikkje sjå vekk frå at det å laga gropar var like viktig som den ferdige gropa.

## Rekneskap

Tiltak	HFK	UiB	BERG	SUM
Tekst	5000,-			5000,-
Illustrasjonar og layout			16.000,-	16.000,-
Trykk og skiltstativ		1300,-	15.000,-	16.300,-
Administrasjon	13.300,-			
Synfaring	4900,-			
Skjøtsel og overvaking	15.400,-			
Reise	2948,-			
Fjerning rampe, grusing, oppsetjing skilt, etablering steintrapp			29.000,-	29.000,-
Rapportering	4200,-			
Oppfølgingsynfaring	5600,-*			
Reise oppfølging	3000,-*			
SUM	54.348,-	1300,-	60.000,-	115.648,-

\* Oppfølgingsynfaring ikkje gjennomført på rapporteringstidspunkt. Føremålet er kontroll av tilstand, samt oppfølging av lokal forankring og avtale om overvaking.

## **Konklusjon**

Prosjektet er gjennomført og tilrettelegginga er rusta opp til eit godt funksjonelt nivå. Attståande arbeid er knytt til kontroll av tiltaket og oppfølging av kontakt med lokal barnehage om overvaking og kosting av lokaliteten. Etersom prosjektet er gjennomført i samarbeid med Universitetsmuseet i Bergen har Hordaland fylkeskommune nytta noko mindre ressursar på oppfølging enn venta. Eigenfinansiering er på 48% av prosjektkostnad. Del av eigeninnsats er ikkje utført, jamfør rekneskap, men vert gjennomført ved høve. Alt arbeid som vert fakturert er likevel gjennomført.

Tiltaket er synleggjort i kulturminnedatabasen *Askeladden*.